



Statens vegvesen

Ing. Taule AS
Kvassnesvegen 33
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
16/188457-5

Dykkar referanse:


Vår dato:
19.01.2017

Uttale – Byggjegrænse – Dispensasjon – E39 – Gnr. 196 bnr. 170 – Midtgårdshøgda – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til søknad om dispensasjon frå byggjegrænse mottatt 19.12.2016.

Kva saka gjeld:

Søknaden gjeld oppføring av bustad på gnr. 196 bnr. 170 i Lindås kommune. Eigedommen er regulert til bustad gjennom reguleringsplan «*Midtgård / Leknes gnr. 196 bnr. 4*» (2007). Det er søkt om løyve til å oppføre bustad 41 meter frå vegmidte til E39. Plankartet har plassert ein bustad på tomta, men denne ligg innanfor byggjegrænse langs veg.



Del av reguleringsplan *Midtgård / Leknes gnr. 196 bnr. 4* (2007). Omsøkt tomt er markert.
Byggjegrænse mot veg er synt som stipla line.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Saksgang:

Lindås kommune er planmynde og avgjer søknader om dispensasjon frå godkjent plan. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde. Vi har og klagerett i slike saker. Nedanfor følgjer ein uttale du kan legge ved søknad om dispensasjon som sendast til Lindås kommune.

Uttale:

Det omsøkte tiltaket ligg i eit område som er avsett til bustadføremål jf. reguleringsplan for «Midtgård / Leknes gnr. 196 bnr. 4» (2007). I dette tilfellet er tomta slik vi tolkar det både regulert til bustad, samstundes som den ligg innanfor byggjegrensa langs E39.

Både plankart og føresegner seier noko om byggjegrense langs veg. Den generelle byggjegrensa langs riksveg var 50 meter målt frå vegmidte i 2007 når planen vart godkjent. Vi legg til grunn at det er denne byggjegrensa som syner på plankartet. Planen har også eigne føresegner som seier noko om byggjegrense langs veg: §3.2 Byggjegrenser «*Nye bygg skal plasserast innanfor byggjegrensa langs veg som er vist på planen. Generelle byggjegrenser gjeld der byggjegrenser ikkje er vist.....*».

Tiltaket ligg langs E39 som har haldningsklasse 1 jf. "Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013–2016)". Det vil mellom anna seie at vegen er ein svært viktig hovudveg med nasjonal og regional funksjon. Det skal då leggest til grunn ei svært streng haldning ved søknad om dispensasjon.

Det er søkt om å oppføre bustad 41 meter frå vegmidte. Det er i tillegg synt garasje på tomta om lag 29 meter frå vegmidte. På kartet som er vedlagt søknaden er det også teikna inn ei «byggjegrense» som ligg om lag 18 meter frå vegmidte.

Forutan bustaden er også garasje og parkering omfatta av tiltak som treng dispensasjon frå byggjegrensa. I dette tilfellet er det også aktuelt med tiltak mot støyskjerming. Vi rår difor til at det vert utarbeidd ein fullstendig søknad med kart som syner alle nødvendige tiltak som må på plass for å få tomta byggeklar. Først då kan vi ta endeleg stilling til søknaden.

Det er satt i gang planarbeid for å utgreie alternativ for ny E39. På sikt kan traseen verte lagt om i område. Dette er likevel veldig uvisst og langt fram i tid. Dagens situasjon må leggest til grunn når søknaden vert vurdert.

Vidare saksgang:

Det er Lindås kommune som avgjer søknad om dispensasjon frå plan. Dette brevet skal leggest ved søknad om dispensasjon som sendast til kommunen.

Statens vegvesen vil råde til at det vert lagt til grunn ei streng haldning når søknaden vert vurdert. Vi finn ikkje at det grunnlag for å lempe vesentleg på byggjegrensa i dette tilfellet.

Vi ber Lindås kommune om å sende over sitt vedtak for eventuell klagevurdering.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ